

# **Protokoll frå føretaksmøte i Helse Vest RHF**

---

## **PROTOKOLL FRÅ FØRETAKSMØTE I HELSE VEST RHF**

Onsdag 11. desember 2019 kl. 10.00 vart det halde felles føretaksmøte i dei regionale helseføretaka. Møtet vart gjennomført som telefonmøte.

### **Dagsorden**

- Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert
- Sak 2 Dagsorden
- Sak 3 Endring i driftskredittramma

### **Frå Helse- og omsorgsdepartementet møte**

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum (etter fullmakt frå statsråden)

### **Frå styret møte**

Styreleiar Einar Strømsvåg

### **Frå administrasjonen møte**

Administrerande direktør Herlof Nilssen

### **Også til stades**

Avdelingsdirektør Astri Knapstad  
Spesialrådgjevar Ragnhild Kolstad  
Seniorrådgjevar Mikkel Hovden Aas

Riksrevisjonen var varsla i samsvar med lov om Riksrevisjonen § 13, men møte ikkje.

---

## Sak 1 Føretaksmøtet vert konstituert

Ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum ønskte, som øvste eigarmyndigheit og møteleiar, velkomen og las opp fullmakt frå statsråden. Ho spurde om det var merknader til innkallinga. Det var ingen merknader til innkallinga.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Innkallinga er godkjent. Føretaksmøtet er lovleg sett.*

Styreleiar Einar Strømsvåg og ekspedisjonssjef Målfrid Bjærum blei valde til å godkjenne protokollen.

## Sak 2 Dagsorden

Møteleiar spurde om nokon hadde merknader til dagsorden. Det var ingen som hadde merknader til dagsorden.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Dagsorden er godkjent.*

## Sak 3 Endring i driftskredittramma

Føretaksmøtet viste til Stortingsbehandlinga av Prop. 19 S (2019–2020) *Endringer i statsbudsjettet 2019 under Helse- og omsorgsdepartementet*, jf. Innst. 100 S (2019–2020). Her er det foreslått å redusere ramma for driftskreditt til dei regionale helseføretaka med 1 200 mill. kroner frå 3 292 mill. kroner til 2 092 mill. kroner ved utgangen av 2019. 500 mill. kroner av reduksjonen skuldast at samla pensjonspremie er lågare enn det som tidlegare er lagt til grunn for 2019. Den reduserte driftskredittramma som følgje av dette vert fordelt mellom regionane etter ordinær fordelingsnøkkel. I tillegg vert det foreslått å auke basisløyvinga til dei regionale helseføretaka med 700 mill. kroner grunna auka pensjonskostnader. Tilleggsløyvinga vert fordelt slik at den kompenserer for auka pensjonskostnader til dei regionale helseføretaka, ut over nivået lagt til grunn for Prop. 1 S (2018–2019). Driftskredittramma vert redusert tilsvarande og vert fordelt mellom regionane på same måte som auken i basisløyvinga.

Helse Vest RHF sin del av redusert driftskredittramme grunna lågare pensjonspremie utgjer 94 mill. kroner, medan redusert driftskredittramme grunna auka basisløyving utgjer 30 mill. kroner. Med atterhald om Stortinget si godkjenning vert Helse Vest RHF si ramme for driftskreditt for 2019 justert ned med 124 mill. kroner frå 622 mill. kroner til 498 mill. kroner.

### Føretaksmøtet vedtok:

*Driftskredittramma for Helse Vest RHF vert sett ned med 124 mill. kroner frå 622 mill. kroner til 498 mill. kroner.*

Møtet vart heva kl. 10.15.

Oslo, 11. desember 2019

Målfrid Bjærum

Einar Strømsvåg

*Protokollen er elektronisk godkjent og har derfor ikkje handskrivne signaturar*